



Statsforvaltaren i Rogaland

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/10659 - 22/42424

Saksbehandlar:  
Tone Furustøl  
tone.furustol@alver.kommune.no

Dato:  
02.06.2022

## Vurdering av utsett iverksetting - gbnr 214/125 Fyllingsnes

**Tiltak:** naust  
**Byggjestad:** Gbnr: 214/125  
**Tiltakshavar:** Inge Einar Fyllingsnes  
**Ansvarleg søkjar:** Cardo 8614 AS

### Saksopplysningar

Eigedom: Gbnr 214/125 Fyllingsnes  
Adresse: Ingen adresse, ubygd tomt  
Tiltakshavar/eigar: Inge Einar Fyllingsnes, Fyllingsnesvegen 2, 5913 Eikangervåg  
Klagar: Statsforvaltaren i Vestland, ref. 2020/11165  
Settestatsforvaltar: Statsforvaltaren i Rogaland, ref. 2022/5487

### Innleiande merknader om sakshandsamingstid for vurdering av utsett iverksetting

Alver kommune har blitt kontakta av Statsforvaltaren i Rogaland i skriv, datert 25.05.2022.

Statsforvaltaren i Rogaland skriv følgjande:

Me syner til oversending til Statsforvaltaren i Vestland av 08.04.2022 i sak om dispensasjon frå pbl. § 1-8 og LNF-føremålet i kommuneplanen for oppføring av naust, gnr. 214 bnr. 125.

Statsforvaltaren i Vestland bad i si klage av 19.04.2021 om at vedtaket av 24.03.2021 vert gjeve utsett iverksetjing, jf. fvl. § 42. Me kan ikkje sjå at kommunen har teke stilling til denne oppmodinga.

Me ber difor om at kommunen føretek ein vurdering av om det er grunnlag for å gje utsett iverksetjing i saka. På grunn av at det er ein del fridagar framover, set me fristen for å svare til fredag 10.06.2022.

Her har det dessverre skjedd ein glipp frå kommunen si side. Vi har ikkje følgd opp saka slik vi skal. Vurdering av utsett iverksetting vert først sendt ut med dette skriv.

## Saka gjeld

Saka gjeld klage frå Statsforvaltaren i Vestland på politisk vedtak fatta av Utval for areal, plan og miljø (APM) i sak 20/10659, med saknr. 053/21, datert 24.03.2021, om dispensasjon frå plan- og bygningslova § 1-8 og LNF-føremålet i kommunedelplan (KDP) Lindås for oppføring av naust – gbnr 214/125 Fyllingsnes.

Klagen frå Statsforvaltaren i Vestland vart handsama av Utval for areal, plan og miljø i møte den 09.06.2022 med saknr. 094/21, der Alver kommune sitt vedtak sak 20/10659, med saknr. 053/21, datert 24.03.2021, vart oppretthaldt og klagen ikkje tatt til følgje:

### «APM- 094/21 Vedtak:

Klagen frå Statsforvaltaren vert ikkje teken til følgje og vedtak i sak 20/10659, datert 24.03.2021, vert ståande. Klagen vert sendt vidare til Statsforvaltaren til endeleg klagehandsaming»

Vedtaket av 24.03.2022 frå Utval for areal, plan og miljø har følgjande ordlyd:

### «APM- 053/21 Vedtak:

Klagen vert teke til følgje og vedtak i sak 20/10659, datert 20.09.2020 vert oppheva. Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå plan og bygningslova § 1-8, LNF-føremålet i kommuneplan for Lindås kommune og for byggjeforbodet i strandsona for oppføring av omsøkt naust på gnr 214/125.

Grunngjevinga for vedtaket om dispensasjon etter § 19-2 i plan- og bygningslova er at ein dispensasjon i denne saka ikkje vesentleg vil setja til side omsynet bak byggjeforbodet i LNF-området og i strandsona, samt at det ligg føre ei overvekt av fordelar i høve til ulemper knytt til tiltaket.

Grunngjeving: Omsyna bak byggeforbodet i LNF området er å ivareta landbruk, natur, landskap- og friluftinteresser, slik at desse arealinteressene ikkje vert forringa eller får redusert kvalitet. Omsyna bak byggeforbodet i LNF-området vert etter utvalet si vurdering ikkje vesentleg sett til side ved at det vert gjeve dispensasjon for omsøkt naust. Det vert vist til at det er bygd kommunal veg ned til området og at E39 ligg like ovanfor, med store synlege fyllingar ned mot strandområdet.

Ulempene er som følgjer: Det er ei ulempe at det vert gjeve dispensasjon, då byggeforbodet i LNF område og i strandsona i utgangspunktet vert praktisert strengt.

Fordelane er som følgjer: Omsøkt plassering vil ikkje medføre ulemper for ålmenne interesser knytt til miljø, friluftsløp, kulturminne, eller forringa kvaliteten til landskapet på staden, jf. dei omsyn LNF-føremålet på staden er meint å ivareta. Nausttomta vart ferdig utskoten og planert på 60-talet og bygging av naust vil derfor ikkje få negative konsekvensar for kulturlandskapet eller strandsona. Deriomot vil eit naust på den planerte tomte gje området eit løft. Det er bygd tilkomstveg ned til nausttomta. Det er tinglyst gangvegrett ned til nausttomta. Det vert sett vilkår om samanføyning med bustadeigedom som ligg like ved, det gjer at det ikkje vert naudsynt med parkeringsareal knytt til sjølve naustet.

Utval for areal, plan og miljø vurderer difor at fordelane er klart større enn ulempene etter ei samla vurdering. Begge vilkåra for å kunna gje dispensasjon frå byggjeforbodet i LNF området og i strandsona i medhald av plan- og bygningslova sin § 19-2 er difor oppfølgt. Utval for areal, plan og miljø viser til at etter pbl § 19-2 første ledd, så kan det setjast vilkår for dispensasjonen. I dette tilfellet meiner utvalet at det er rett å gje dispensasjon på følgjande vilkår:

Nausttomta vert slått saman (samanføydd) med bustadeigedom gnr 214 bnr 158. Dette kravet gjer at det ikkje er naudsynt med tilkomstveg eller parkering knytt til nausttomta, sidan bustadhuset ligg i kort avstand til naustet og begge teigane vil liggja på same bruksnummeret.»

### **Vurdering av utsett iverksetting av vedtak**

I mottatt klage frå Statsforvaltaren i Vestland er det bedt om utsett iverksetting av vedtak datert 24.03.2021 i sak 20/10659 med saknr. 053/21, jf. saknr. 094/21. Oppmoding om utsett iverksetting vert handsama uavhengig av sjølve klagehandsaminga.

Utgangspunktet er at vedtak i byggesaker kan setjast i verk straks dei er vedtekne og gjort kjend for partane. Når eit vedtak er klaga på, kan underinstansen fatte avgjerd om at eit vedtak ikkje skal setjast i verk før klagen er endeleg avgjort.

Avgjerda vert gjort ut i frå ei heilskapleg og konkret vurdering av klagen og av dei ulike interessene og tilhøva som gjeld sjølve saka. Det sentrale for avgjerda vil vera ei vurdering av dei fordelar og ulemper ei avgjerd om utsett iverksetting vil gje, td. uoppretteleg skade eller tap for partane.

I vedtaket som er fatta er det dispensasjon frå plan- og bygningslova §1-8 og LNF-føremålet i kommunedelplan (KDP) Lindås for oppføring av naust. Det er ikkje søkt om løyve til oppføring av naust per dags dato.

Administrasjonen vurderer at det er grunnlag for å gje utsett iverksetting av vedtaket om dispensasjon inntil klagesaka er avgjort. I vurderinga av saka har administrasjonen lagt særleg vekt på at det ikkje er føremålstenleg å handsama ein eventuell søknad om oppføring av naust før klagen på dispensasjonsvedtaket er endeleg avgjort. Ei eventuell omgjerding av vedtaket som no ligg føre vil kunne føra til at det vert gitt løyve til oppføring av naust på feil grunnlag slik at også dette vedtaket må endrast. Det er vidare lagt vekt på at eit vedtak om utsett iverksetting får liten konsekvens for tiltakshavar.

Det vert gjeve utsett iverksetting av vedtak fatta av Utval for areal, plan og miljø (APM) i sak 20/10659, med saknr. 053/21, datert 24.03.2021, om dispensasjon frå plan- og bygningslova §1-8 og LNF-føremålet i kommunedelplan (KDP) Lindås for oppføring av naust.

Denne avgjerda er ei prosessuell avgjerd og kan ikkje klagast på. Statsforvaltaren i Vestland kan på sjølvstendig grunnlag ta stilling til spørsmålet om utsett iverksetting i saka. Eventuelle førespurnadar om dette kan rettast direkte til Statsforvaltaren i Vestland.

### **Aktuelt regelverk**

- Frist for handsaming av klage går fram av byggesaksforskrifta (SAK) § 7-1 første ledd bokstav c.
- Frist for handsaming av klage viss det er gitt utsatt iverksetting går fram av SAK § 7-1 første ledd bokstav f.
- Kommunen kan endre vedtaket på bakgrunn av klaga, jf. forvaltningslova (fvl) § 33.
- Utsett iverksetting av tiltak har grunnlag i fvl § 42.
- Krav om utsatt iverksetting skal vurderast med bakgrunn i Ombodsmannen si årsmelding av 1985 på s. 154.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Eirik Berntsen  
Avdelingsleiar

Tone Furustøl  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Cardo 8614 AS	Øvre Blekeveien 20	5003	BERGEN
Cardo 8614 AS	Øvre Blekeveien 20	5003	BERGEN
Harris Advokatfirma AS	Postboks 4115 Sandviken	5835	BERGEN
Harris Advokatfirma AS	Postboks 4115 Sandviken	5835	BERGEN
Inge Einar Fyllingsnes	Fyllingsnesvegen 2	5913	EIKANGERVÅG
Inge Einar Fyllingsnes	Fyllingsnesvegen 2	5913	EIKANGERVÅG

**Mottakarar:**

Statsforvaltaren i Rogaland			
Statsforvaltaren I Rogaland	Postboks 59 Sentrum	4001	Stavanger